

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Død og begravelse.

Oppskr. av: Olai Furuset.

(adresse): Jømna st.

Fylke: Hedmark.

Herad: Elverum.

Bygdelag: Bjørsetgrenda.

Gard: Sandaker

G.nr. 1 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ola Sandaker, 69 år, småbrukar. Jømna st.

SVAR

1. Fall to staver i kross eller to pinner eller to strå
 låg i kross, varsla det dødsfall,
 Kom ein på ei liksalme med ein heldt på med arbeidet
 sitt, kom ein snart i gravøl, eller det var noen som
 var feig.

Drømte ein om gulrotgras, varsla det sorg. Likeins
 om ein drømte om svarte hestar.

Ellers kunne ein få sjå den som skulle døy. Ein
 mann i Bjørsetgrenda fortalte: "Syster mi gjekk forbi
 Bjørset ein kveld.. Med eit kvakk ho i, for ho såg ei
 ljøske ved sia av seg og i lyset såg ho gamlen på Bjør-
 set. Da ho kom heim, fekk ho veta at han var slokna den
 kvelden".

"Da han Ebratt B. låg på det siste, fekk vi sjå
 noe merkeleg ein kveld vi gjekk forbi Brenna. Frå ei
 vedmue strymde det opp eit rart lys. Noen dagar etter
 døyde han".

"For gamalt tala dei om noe dei kalla Må nálys.
 Da 'n Jens Hornbergsenga låg på sitt siste, såg dom
 eit lys som låg og brann bort på jordet kvar kveld ut
 etter hausten. Stille og roleg stod det der og skein.
 Men da 'n Jens døydde, vart det borte, og dei såg det
 aldri mer".

2. Ukjent.

3. Nyårskvelden kunne ein få vita kven som kom til å døy i det nye året om ein gjekk ut og kikka inn gjennom vindauge. Satt ein ~~da~~ til slik at han såg hugelaus ut, kom han til å fara bort i det komande året.

Nyttårskvelden kunne ein setta seg på golvet med ryggen mot døra og slenga ~~sor~~ne over hovude. Datt da skoa ned slik at tærne peika ut, kom ein til å døy i året som kom.

4. Det var somme menneske som hadde ein serleg givnad til å drømme om folk som skulle døy snart. "Ho mor var sann-drämt. Av og til tala ho om at den natta hadde ho hatt så leie drømmer ~~om~~ om ein hell annan. Itte lengi etter høyrde vi at han eller ho var daud".

Ei kone som nett hadde missa dotter si, fortalte meg dette. "Næn netter før 'a Olga døydde, drømte je at je såg du åt jord. Mårån etter så je åt 'a mor at nå er'n Olav feig. Men det var meg det rakte denne gonga". Gunerius Nerbronka fortalte: "Når noe sker døy, hender det seg at en kan sjå døm på underfull vis. Slik var det da son borti grannegarden her døyde. Je kom dit ein kveld. Da såg je gutten gjekk over gardsplassen til stallen. Je gjekk etter. Men stalldøra var stengt og folk var det itte i stallen. Så gjekk je bortåt glaset og såg inn. Der satt 'n å les avisen bortved kjøkkenbordet. Da je kom hematt sa je åt 'a Ola, kjerringa mi, at nå har 'n itte lengi at , 'n Ola. Itte mange daga etter døydd 'n".

5. I Elverum kalte dei slike dyr for fegdlus. Flere kan fortelja om at fegdlus har kome på ein som skal døy.

6. Hadde eit menneske særslig mathug før han døydde, sa dei at han "åt i fegda".

7. Ukjent.
8. Ukjent.
9. Hanafjør i hovudputa gjorde dødskampen vanskelegare.
For å lette dødskampen kunne dei åpne vindauge.
10. Ikkje så reint få sendte bud etter presten når dei låg
på sitt siste. Den siste som eg veit bad om det her i
Bjørsetgrenda var den 88 år gamle Kristen Hornberg, som
døydde 15. mars 1955. Bjørsetgrenda ligg etter måten
langt unda nærmeste prest, og det kan vel vera årsaken
til at presten ikkje så ofte blir bodsendt i slike til-
felle. Eg vil ikkje seie at det har vorte slutt med å
budsende presten når ein ligg for døden, men det er
ikkje ofte ein høyrer om det i denne grenda.
11. Presten satte samarien på seg når han gjekk inn til
den døyande. Så vidt eg har funne ut, var dei aleine
når den heilage handlinga gjekk for seg. Presten las
skriftord, bad og ga den døyande sakramentet.
12. Det er og har vore skikk å sende bod etter dei nærmaste
skyldfolka. Med skyldfolk meiner eg her born og foreld-
re, men gode venner kunne og bli bodsendt.
13. Den døyande fastsette mange gonger korleis gravferda
skulle vera. I dei siste åra er det ikkje reint sjeldan
å høyre at den som skal døy har sagt i frå at han eller
ho ikkje vil ha kransar på kista. ~~eller liknande~~. Dette
blir da kunngjort i dødsannonsa.
- Tiden mellom dødsfall og begravelse.
14. "Han døe i natt". "Han har sløppi tur". "Ho har sømne
åv" .. "Ho sløkne i dag tidlig".
15. Dei heldt somme gonger ei tendt fyrstikke eller eit
lys framfor munnen på den døde. Somme heldt eit speil
for munnen på den døde.
16. Somme kan fortelja soga om menneske som berre var
skinndøde.

17. Når ein var død, strøk dei att augelokka hans.
18. I noen tilfeller stødde dei opp haken med ei salmebok, i andre tilfeller batt dei opp haken med med eit bind eller ein duk.
19. Grannene vart gjerne varsle om dødsfallet. Såleis gjekk ein til grannegardane der det bodde skyldfolk til den døde.
20. Noen regel var det ikkje for kven som skulle gå med bod om dødsfall. Da bestefar døydde, var det sonen hans, som da hadde teke over garden, som gjekk til dei nærmaste skyldfolka og sa i frå. Som bearmann til gravølet var det derimot ein fast bearmann for grannelaget.
21. Ukjent.
22. Når ein var død, åpna dei vindauge i dødsrommet. Gjerne hengte dei eit kvitt klede framfor glaset. Eg hugser frå eg var ein liten gutt (1920 åra) to karar tala om at ein var daud i grannelaget. Dei visste at han måtte ha døydd om morgonen avdi glaset vart sett opp, og eit kvitt klede hengt attfor.
- Var ein død, stansa dei klokka i huset. Den skikken vart brukt i Bjørsetgrenda så seint som i 1926; Nina Sandaker, mor til heimelsmannen min for mange av dei ting eg fortel her, døydde det året, og da stansa dei klokka, fortel Olai Sandaker.
23. For gamalt gjekk det eit døgn før dei flytte den døde ut av senga.
24. Liket vart lagt på ein benk.
25. Dei eg har spurt om dette kan ikkje hugse å ha hørt noe om at liket vart lagt på halm. Trulegvis ligg ein slik framgangsmåte så langt attende i tida at ingen lengre kan hugse det.
26. Heller ikkje dette er det lett å svara på nå. Ordet blir

- nytta, men ingen kjenner meire til opphavet.
27. Sengehalmen skulle brennes ned ein gong ein var død.
28. Klærne til den døde vart berre brent dersom årsaken til dødsfallet var ein farleg sjukdom. Ellers vart klea gitt til andre i slekta eller til fatigfolk.
29. Heller ikkje dette kan det seiest noe om. Ingen kan fortelja meg noe sikkert om dette med likstrå.
30. Liket ble stelt med det samme ein hadde bore det ut frå senga, altså etter eit døgn.
31. I grannelaget kunne det ofte vera ei kone som vart bodesendt for å gjøra dette. Men det hendte og at folk i huset sjølve gjorde det. I vår grend er det nå ei sykepleierske i 40 års alderen som gjerne blir bodesendt når slikt står på. Ofte har ho stelt den sjuke før han døydde. Ho er sjølvskriven til å bli beden i gravølet.
32. Noen serskildt påkledning for den som skulle stelle liket, veit dei ingen ting om.
33. Håret på den døde ble stelt.
34. Var den døde ein mann, vart han barbert om han da ikkje hadde fullskjegg.
35. Neglene vart klippte.
36. Liket ble vaska.
37. Ingen kjenner til at likvatnet vart brukt som medisin nå lengre. Men tidlegare folkeminnesamlare som har dreve innsamling i Elverum og Østerdalen ellers fortel at dei nytta likvatn mot veggelus og mot vorter.
38. Likklær.
38. Å kle liket kalte dei "å budde" eller "å svøpe".
39. Likklærne kalles liksvøp, før sa dei gjerne likskjorte.
40. For gamalt nytta dei eit vanleg sengelaken. Nå kjøper dei helst ferdige liksvøp.
41. Brudelakenet vart brukt som liklaken.

42. Somme kledte liket i under-og overlaken, men det var ikkje noen regel for det. Noen brukte såleis berre eit laken.

43. Vanlegvis låg likskjorta ferdig. Men brudelinet eller brudeskjorta ble brukt.

Her skriv eg oppatt noe eg før har teke med i spørjeliste nr. 44 (Veing) : Alle som hadde råd for det, skaf fa seg liklaken. Dei la gjerne mye arbeide på det. Ofte var det vevd med tohåvels vev. Ei kone på Elset i Våler hadde gjort seg eit særslig stort liklaken. Dotter hennes ville gjerne ha det til noe nyttigare, og fekk ordna det slik med mor si at ho fekk det. Da mora døydde, kjøpte ho eit liksvøp for henne. Kona det her er tale om, døydde i 1869. Den døde vart ellers gravlagt i dei beste klea sine, ofte med strømper og sko. Berte Braskerud vart lagt i grava med brurkjolen på. (1870 omlag). Desse opplysningane er etter Olea Skirbekk, fødd omkr. 1867 i Våler i Solør).

44. Om likklea skulle vera av lin kom seg på kor god råd ein hadde.

45. Liket fekk som regel strømper på.

46. Etter det Olai Sandaker fortel, var det ikkje vanleg med sko på den døde. Olea Skirbekk fortel derimot at det ikkje var så uvanleg at den døde fekk sko på. Olai S. er frå grannebygda Våler, men har bodd mange år av livet sitt i Elverum. Ho kjente godt skikkane, ikkje minst mellom dei betre økonomisk stilte i bygda. Olai S. fortel meir slik det var mellom småårsfolk.

47. Kvinnene fekk ei kvit lue på seg.

48. Så vidt eg kan skjøna, var det liten skilnad på likklärne til gamle og unge. Kunne dei skaffe blomster, vart slike lagt med i kista, særleg til barn og unge.

- 49.Ukjent.
- 50.Ukjent.
- 51.Litt etter århundreskiftet vart skikken med å kjøpe likklær vanleg.
- 52.Nå blir likklærne kjøp. Dei blir nyttा både av papir og av tøy.
- 53.Kjøpte likklær kalles for svøp.
- 54.Hadde ein vorter, skulle dei bli borte om ein rørte ved ein død med dem.
55. Ukjent.
56. Ukjent.
57. Ukjent.
58. For gamalt var det ikkje uvanleg at dei hadde liggande materialer til kista si. Det blir og fortald om folk som hadde likkista ståande ferdig på stabburet.
- 59.Så lenge folk kan minnes bakover, har spiker vore det vanleg.
- 60.Det var stropper av basttau i kista til å bere den i.
- 61.Det var ein snekker i grenda som laga kista.
- 62.For gamalt var kistene svarte. Dei måla med kjønror.
- Etterpå smurte dei kista inn med limvaten som var til satt knust steinkol.
- 63.Omkring 1910 tok dei til å bruke kvitmåla kister.
- 64.Ukjent.
- 65.Som underlag i kista, nyttा dei høvelspon.
- 66.For gamalt la dei med ei lita pute, fylt med det som dei kunne skaffe av putefyll. Nå kjøper dei puta saman med svøpet.
67. Kistene blir kjøpt ferdige. Dei er kvitmåla.
- 68.Det var ikkje brukt å legge med den døde noe i kista.
- 69.Ukjent.
- 70.Dei la blomster eller grønt til pynt.

Der dei ikkje bruker blomster på kista, er det gjerne slik at dei pryder kista med kors eller figurer av metall.

71. Det hendte at dei strødde linfrø etter kista slik at den døde ikkje skulle gå att.

72. Ikkje kjent.

73. Sjå 71.

74. Ikkje kjent.

75. Ikkje kjent.

76. Etter at liket var lagt i kiste, sette dei liket på treskelåven.

77. Der dei hadde eit rom i huset ~~som dei~~ sette kista, til å strødde dei med einer på golvet, dei la blomster eller grønt på kista, og dei dekka til vindauge.

78. Kom kista til å stå på låven, pynta dei med granbar eller einer, om sommeren pynta dei med lauv.

79. Ein barsal gjorde dei på det viset at dei sette passe store granbusker i ein firekant og strødde med hakka granbar på bakken.

80. Barsal vart nytta både vinter og sumar.

81. Det hendte at dei strødde bar på vegen mellom uthuset der kista stod og husdøra.

82. Liket skulle ligge med beina mot døra.

83. Som oftast vart ikkje lokket lagt på før gravferda, men ein duk vart lagt over ansiktet.

84. Ansiktsduken var eit kvitt stykke tøy.

85. ?

86. Granner og venner kom for å sjå liket, ~~men det var sjeldent at barn fekk komme til sjå den døde.~~

87. I Elverum fekk dei gravkapell omkr. 1880.

88. Ennå i 1930 åra heldt dei gravølet i heimen, og den døde vart kjørt til kirkegården der i frå. Nå blir den døde kjørt til kapellet like etter dødsfallet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9.

Fra kapellet foregår så sjølve ~~graven~~ begravelsen.

I Bjørsetgrenda var den siste gamaldagse begravelse med forretting i heimen i 1955. Det har ellers vore vanleg med begravelse fra kapellet dei siste 20 åra.

Sorg.

89. I gravølsgarden skulle det vera så stille som mogleg i tida mellom dødsfallet og gravølet.

90. Ein kjenner ikkje til at det var noe serskildt å hugse på her.

91. "Sørgetid" er nok kjent, men så vidt eg kan skjøna er det ikkje vanleg med noa bestemt sørgetid.

92. Ein skulle helst vera kledd i svarte klær. Mange bruker svart sørgeband på høgre overarmen. Ein må føre seg stille og sømleleg. Det blir sett på som falt usømmeleg å gå på dansefestar i tida etterpå.

93. Særskildt sørgedrakt hadde dei ikkje. Menn og kvinner går i mørke eller helst svarte klær. For gamalt brukte kvinnene kvitt hovudtørkle med ei stor svart hette over på gravølsdagen.

94. Enka brukte ikkje serskild sørgedrakt.

95. Ukjent.

96. Ikkje kjent.

97. Ikkje kjent.

Synge ut liket.

98. Søndag var den einaste vekedagen dei ikkje måtte halde gravøl.

99. For gamalt sa dei gravøl. Nå seier dei fleste begravelse.

100. Var det vakkert og godt vær, sang dei ut liket frå tunet. Ellers gjekk det for seg i beste stua.

101. Før presten eller læraren skulle synge ut liket var lokket teke av kista ei stund slik at dei frammøtte skulle få sjå den døde for siste gongen.

102. Ukjent. Men dei satte fram to krakker til å setta kista på. Over dei to krakkane la det eit åklæ. Oppå det vart så kista sett.
103. Skikken med lys ved kista er gått tur bruk for lenge sidan. Men noen kan hugse at det skulle brenne to lys ved hovudenden av kista når presten eller læraren forretta. Når kista vart bore ut, fylgde to kvinner etter med lysa i handa. (Far forretta i dei aller fleste begravelser i Bjølset grenda mellom 1916 til 1950, men i denne tida vart aldri skikken med lys nytta, seier han).
104. Ukjent.
105. Etter det eg har skreve under nr. 103, måtte det vera slike lys kvinnene bar med seg ut etter kista.
106. Ukjent
107. Ukjent
108. Ukjent.
109. For gamalt heldt dei likvake siste natta før gravølet. Dei brente lys, og først på kvelden var dei alvorsame og sang ei salme. Seinare på natta kunne dei setta kista til side, og det skal ha hendt at dei dansa.
110. Sjå under nr. 109.
111. Ingen eg har spurt om dette kan hugse at skikken har vore brukt. Dei kan berre tala om det som noe som ligg langt attende i tida.
112. Gråtekoner kan ingen hugse.
113. Ukjent.
114. Det har ikkje vore vanleg at presten kom i heimen og heldt tale. Før var det helst læraren i grenda som gjorde det. I dei aller siste åra har lærarane i bygda sagt ifrå seg dette. Dei yngre lærarane som kjem etter kvart vil ikkje ha noe med dette å gjøre. I dei siste åra kan ein difor seie at det har vorte meire og meire vanleg at presten kjem i heimane og forrettar.

115. At presten var tilstades i heimen og heldt tale har vore brukt lenge, men det var helst hos meir velståande familier han kom . Ellers var det læraren som kom. Men dei siste ti år har det vorte meir og meir til at presten har teke over dette.

116. Til omkring 1870-80 åra var det skikk å la kista stå utan lokk når presten eller læraren sang ut den døde. Far var lærar i Bjølset kretsen i Elverum til 1949. Han var ofte ute i "prestetjeneste" i gravøl.I ein av dei siste gravøl han sang ut den døde, ville dei at lokket skulle vera av medan far tala og sang.Han bad om at dei måtte følgje skikken og legge det på, og det vart da gjort.Dette var i 1948.

Når de innbedne kom til gravølsgarden, vart dei først traktert med kaffe, smørbrød og kaker.Der etter kom ein av dei nærmaste pårørende og spurte om dei ville sjå den avlidne for siste gong.Dei gjekk så stille og høgtidssamt inn i rommet der kista stod, stod andaktsfullt ved kista ei stund.Nein, helst kvinnene, sa gjerne eit eller anna om kor pen den døde såg ut.Andre kunne seie noe slikt som:"Han sov godt, nå". Om ei stund bar dei så kista inn i det rommet der liket skulle synges ut.Kista vart sett på to skameler.(I Størjenbygda i Nord-Odal,Hedmark; har dei to svartmåla skameler ståande på garden Hanor, som berre blir nytta til dette.Er det eit dødsfall i grenda, reiser folk dit og låner dei.Så vidt eg kan skjøna er dette noe grenda har rådd seg som felleseige). Læraren stelte seg opp ved hovudenden til kista.Han sang eit eller to av ei salme som høvde.Dei som var samla sang med.Så heldt han talen og les dei skriftorda som høyrde med.Medan han gjekk føre og sang, vart

kista bore ut.

117.Ukjent.

118.Ukjent.

119.Hadde den avlidne born, var det sønner eller svigersønner som skulle bære kista.Ellers var det venner eller slektinger som gjorde det.

120.Nei.

121.Det er som før.Sønner og svigersonner bærer kista der den avlidne har sønner og døttre.Ellers er det slekt eller nære venner.

122.Liket skulle bæres ut med fotenden først.

123.Ukjent.

124.Ukjent. (Skulle dei "hogge for vre, måtte det gjeras på ein dørstokk det var bore lik over.Helene Karlstad hogg for vre på dørstokken i gamlestua i Karlstad, for over den dørstokken hadde dei bore liket av Gunner Jostua , ein rik og velvyrд mann ei tid, men han døydde i stor armod i denne fatteslege stua)

125.Dei strødde med bar på tunvegen.

126.Dei satte ikkje kista ned på tunet.

127.Ukjent.

128.Dei kvinnene som skulle vera heime for å laga i stand middagen, fylgde gjerne med utpå gangen eller på tunet like utanfor stuedøra.Der stod dei gjerne til gravølsfylgje ikkje var synleg lengre.

129.Alle som hadde høve til det,fylgde med.

130.Kvinnene fylgte med til kyrkjegarden så lenge attover ein veit å fortelja om gravølskikkjar.

131.Det er ein gammal oppfatning at dess fleire som var med dess større ære er det.

132.For å syne den avlidne den siste ære, sette folk som bodde langs vegen der gravfylgje drog opp granbusker

ved grindsleet. Det var minst to. Noen satte to på kvar side av vegen. Andre satte tri graner på kvar side av vegen. Samstundes la dei ein bord av granbar, omlag 30 cm. brei, mellom granbuskene. Andre la berre border av granbar ved grindsleet, men nytta ikkje granbusker.

(I Størjenbygda i Nord-Odal, held dei ennå svært strengt på skikken med både granbusker og border av bar der gardsvegane kjem ned til hovudvegen der gravferda kjem. I Elverum ser det ut som om denne skikken held på å døy ut).

Eg var til stades da ein død vart sunge ut på gardslottet i Krogsrud i Nord-Odal, før påske 1957. Har var namnet til den døde forma med bokstaver av granbar over hovedinngangen.

134. Det er skikk å heise flagg på halv stang gravølsdagen.

Det er sjeldan å sjå noen heiser flagg på halv stang med det same ein er død. Skikken med å heise flagg på halv stang har vore vanleg dei siste 50 åra.

135. Granner og ellers alle som eig flaggstang og flagg heiser flagg på halv stang den dagen ein frå grenda fer til jorda. Er den døde litt meire kjent, heiser dei gjerne flagg på halv stang i andre grender der gravferda går.

136. Det har ikkje vore skikk å heise flagget til topps etter jordfestinga.

137. Ukjent.

138. I det siste har fleire teke etter skikken å heise flagget til topps etter jordfestinga.

139. Ukjent.

140. Folk gjekk gjerne ut når eit likfylgje kjørte forbi.

Dei stod stille og andaktsfullt. Mange tok av seg lua.

141. Ukjent.

NORSK Etnologisk Granskning

14

Tekst er et uttak av delen om dødfart i folketradisjonene

142.Ukjent.

143.Dei kjørte liket til kyrkjegarden.

144.Ukjent

145.Kista vart sett på ein vogn med vanleg trebotn.

Vogna eller sleden vart pynta med granbusker på sida.

Det gjer dei og i dag sjølv om dei bruker lastebil

til å kjøre kista på.

146.Hesten som drog kista skulle vera så mørk som råd.

På Houm i Heradsbygda hadde dei hengande to likselar.

Dei vart berre brukt når hestane skulle dra lik.Folk

i grannelaget lånte desse selane når det var likferd.

Så vidt eg kjenner til, er desse selane nå komme til

Glåmdalsmuseet.

147.Ukjent.

148.Dei skulle kjøre så sakte som mogleg.

149.Heim kjørte dei med vanleg fart.

150.Ein mann i grenda var fast likvognkjørar.

151.Kjøraren satt frampå skyssen.

152.Den som sang ut liket satt på ein av dei bakerste

skyssane.

153.Ukjent her.

154.Slike truer finner ein ikkje nå.Sigurd Nergaard nevnt
noen i "Skikk og bruk" , side 77.Han har mye av til-
fanget frå Elverum.

155.Ukjent.

På kirkegården.

156.Dei som hadde bore kista ut frå heimen , bar henne

på kyrkjegarden.To svarte krakker var sett fram ved
kyrkjegardsporten.

- Her vart kista sett før dei bar henne til graven.
157. Dette kjenner eg ikkje til.
158. Ukjent.
159. De same som bar kista ut frå heimen.
160. Hesten vart sett på kyrkjestallen.
161. Presten møtte opp ved inngangen til kyrkjegarden.
162. Ukjent.
163. Vanlegvis vart ikkje kista bore inn i kyrkja.
164. Det vart ikkje sunge medan ein bar kista til grava.
165. Ukjent.
166. Ukjent.
Graven.
167. Så vidt eg har kunne finna ut, fekk dei her i Elverum fast graver litt før 1885.
168. Ukjent.
169. Døi måtte sjølve syrgje for å få kasta opp grava, når ein i ~~xx~~ huslyden var avliden. Det var gjort før begravelsen. "Når grava vart graven, tok liket til å gulna", sa dei.
170. Karane som var med i likfylgjet, kasta att grava. Det gjorde dei og ei tid etter at dei hadde fått fast gravar på kyrkjegarden.
171. Ukjent.
172. Ukjent.
173. Kristen Hornberg, døydde 1955 88år gamal, fortalte:
"Da je var smågutt, døydde det en legdegutt som bodde hos oss. Han far var hos presten og meldte dødsfallet.
"Siden det er en legdslem, kan vel jordpåkastelsen stå hen til en søndag", sa presten. Da gjorde dei det slik at dei sette ein staur ned på kistelokket før dei moka at grava. Når så presten skulle kasta på jord, drog dei opp stauren, og presten kasta dei tri spadene med jord ned gjennom holet".

174. For gamalt var det ikkje så mykje stell av gravene.

På Sorperud døydde tri av borna av dysenteri i tida mellom 21. og 29. juli 1839. Gamle folk her i Bjørset grenda vil ha det til at desse tri var dei første som fekk kross på gravene sine på kyrkjegarden i Elverum. Det kan vel ikkje vera heilt rett. Ein må vel tru at prestar og andre embetsmenn hadde nytta skikken før. Men mellom vanlege bønder var det trulegvis ikkje mange som brukte det på denne tid. Sorperudsfolka var velstandsfolk. Omkring 1860-70 åra tok fleire til å sette svære krossar av jern på gravene til dei avlidne. Eit slik gamalt jernkross er gjømt i låven på Husmannsplassen på Glåmdalsmuseet i Elverum.

175. Folk er stort sett svært flinke til å halda gravene til dei avlidne i akt og ære. Julekvelden har det i ein del år vore skikk å setta ei granbuske med eit kornband på grava. Dei aller siste åra ser det ut til ha vorte skikk å setta lys, blomster eller eit pynta juletre på gravene.

Særlege tilfeller.

176. Det var dei pårørande som avgjorde kørleis stell ein sjølmordar skulle få. Men i manns minne fekk dei stell som andre.

177. Kista til ein som hadde teke sitt eige liv vart løfta over kyrkjegardsgjerdet.

178. Ukjent.

179. På kyrkjegarden i Elverum vart sjølvmordarar gravlagd i det nordaustre hyrne.

180. Udøypte barn vart gjerne satt i same grav som ein voksen. Udøypte barn kunne å bli lagt i same kiste som ein voksen, når det var ein voksen i huset som var døyd på samme tid.

13735 181. For tidleg fødte barn vart gravlagde på same vis som

udøpte barn.

Gravøl.

182. Nå bruker dei aller fleste å seie begravelse. Eldre folk seier gravøl.

183. For gamalt var det en fast bearmann som vart sendt for å be til gravøl. Her i Bjørsetgrenda var Stater kongen, Gunner Barømo, fast bearmann. Han var flink til å tala for seg og kunne ordlegge seg i fine og høgtidsame vendinger. Han knote stift bymål. Han vart ofte nytta til å synge ut lik.

Da Gunner Barømo vart for gammal til å gå som bearmann, vart det visst slutt med å bruke ein fast bearmann. Ein frå huset gjekk med bø. Gjerne var det ein gutt som gjekk.

184. Bølaget var det same anten det var bryllup eller gravøl.

185. Bearmannen skulle vera kledd i helgeklær.

186. Bearmannen skulle vera alvorleg og høgtidsam. Han skulle bera fram bodet ståande.

187. Eg kan diverre ikkje gje att ordlyden i ei slik innbyding.

188. Bearmannen skulle trakteres på beste måte.

189. Nå er det skikk å sende bedebrev. Dei kan koma med serskildt bod, eller dei blir sendt i posten.

190. Vanlegvis vara gravølet ein dag. Men på store garder vara det både to og tri. På garden Hagen i Heradsbygda var det eit gravøl i 1880åra som vara i tri dagar. Den tredje dagen var det berre dei nærmaste skyldfolka som var samla. Da tala dei om delinga av arven.

191. Det skulle vera tri måltider.

192. Ukjent.

193. Ukjent.

194. Det var ingen fast regel for at dei nærmaste.

slekm ningane skulle vera fri for arbeidet med tilstellinga. Men var det store grav l, hadde dei faste kokkekoner.

195. Folk i grenda stansa opp med arbeidet sitt ei stund n r likfylgje drog forbi.

196. Sendingane vart sendt kvelden i f revegen. Det var ofte barna som gjekk med sendinga. I alle fall var det ein som ikkje skulle m te i sj lve grav let. Dei kalte denne kvelden for sendingskvelden. Dei som kom med sending vart traktert p  beste vis med mat og drikk. Mor hadde vore med og g tt med sending mange gonger da ho var jente. Dei bar med mj lk, fl te eller sm r. Gjerne bar dei med ein heimlaga krans, fletta av vill- eller hageblomster, lav og lyng. N r dei hadde f tt traktering med mj lk og kaker, vart dei bedt med for ´sj  den d de. Dette var mor s  lei, fortalte ho. Men dei turde heller ikkje seie nei. Det vart sett p  som ei forn rming.

197. Barn eller ein voksen som ikkje skulle m te i sj lve grav let kom med sendinga p  sendingskvelden.

198. Alle som kom med sending vart traktert p  beste vis, men ein kan vel ikkje seie at dei heldt noen serskild tilstelning p  sendingskvelden.

199. Nei.

200. Ukjent.

201. N  i ein del  r har det vore skikk   halde ei lita h gtid n r den avlidne blir frakta fr  heimen til gravg ppel t. Presten kjem og seier noen ord. Dei n raste granner og skyldfolk m ter opp. Det blir lagt p  ein krans fr  heimen. Sj lve grav lsmiddagen blir halden etter jordferda neen dagar etter. Til den blir det bedt gjennom annonse i avis  eller ved bekort.

202. Det er ikkje mange som bruker brendevin til gravølsmiddager nå. Men for ein del år sidan var det skikk med drammer til gravølsmiddagen når dei heldt den heime på garden. Det ser ut som mange ikkje synes det sømer seg med alkohol i slike høve.
203. Eldre folk meiner at skikken med sending og heimebrygging heldt seg lengre ved gravøl enn andre gjestebud.
204. Sending av krans har nå helt avløst skikken med matsending.
205. Skikken med å sende krans kom ved århundreskifte på våre kanter.
206. Kransane laga dei heime av bar, lyng, potteblomster og andre blomster om sumaren. Olivia Bjølseth fortalte: "Omkring 1910 var løvetann ei sjeldent plante herover. Vi tykte det var ei vakker blomme, og jeg hugser jeg gikk neri Bjørset jordet og plukka løvetann blomster til kransebinding".
207. Kranser med silkeband med og utan påtrykk kom i bruk omkring 1912-15.
208. Kransane blir senka i grava saman med kista, men ~~gravaren~~ gravaren tek dei oppatt før han kaster att grava og legg dei oppå når han er ferdig.
209. Kransane blir liggande på grava så lenge dei er pene. Sidan blir dei bore vekk.
210. Dei som har råd for det held gravølsmiddag på ein av kafeane eller eit hotell. ~~ixxxxxxxxxxxxxxx~~ Dei fleste bruker ikkje alkohol, men noen regel er det ikkje. Svært mange bruker nå å servere kaffe, smørbrød og kaker på gravølfylgje.
211. Det er mest vanleg å halde begravelsesmiddag på hotell eller kafe.

212. Omkring 1910 tok dei for alvor til med skikken
å avertere dødsfall i avisen.

20761

13735